SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/6721-1

## Strategisk plan for kysten 2017 - 2025 - til uttale i fylkesrådet for eldre

**Uttale vert formulert i møte 6. september.**

Vedlegg:
Strategisk plan for kysten 2017 – 2015. Planprogram til offentleg høyring.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Det er serleg ynskjeleg at høyringspartane seier noko om avgrensing av kva tema og konkrete problemstillingar som skal vere med på strategisk nivå. Kva er kystspesifikke problemstillingar? Bl.a. vil konkrete arealspørsmål avklarast i arbeidet med ny region al plan for arealbruk som er planlagt starta i 20 18. Likevel kan vi på strategisk nivå drøfte arealbruk og utforme retningsliner, som kan ligge til grunn for heilskapleg arealplanlegging i den enkelte kommune.

Med grunnlag i høyringa vil det og bli lagt meir detaljerte råmer for organisering av arbeidet og formelle møtearenaer.

Fristen for innspel er 15. september.